

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
Postboks 2076

3103 TØNSBERG

Dato: 11.04.2025
Saksref: 202506224-2
Deres ref.: 2025/4534
Side: 1 / 1

Vår saksbehandler: Ragnhild Haslestad
Telefon:
Mobil: +4793614232
E-post: ragnhild.haslestad@banenor.no

**Telemark fylkeskommune - Skien, Tokke og Notodden kommuner - Frivillig vern av skog -
Høring av verneplaner for to nye naturreservat og utviding av et eksisterende naturreservat -
Bane NORs uttalelse**

Vi viser til brev, datert 10.04.25.

Bane NOR har ingen merknader.

Med vennlig hilsen

Åsne Fyhri
assisterende sjef Planforvaltning
Drift og vedlikehold

Ragnhild Haslestad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur



Til
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD
OG TELEMARK

Vår saksbehandler
Erling Kristian
Skinderhaug

Vår dato
10.06.2025

Vår referanse
2020/102-
114/315

Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Tidligere dato

Tidligere referanse
8c7236fc-c359-
4c8d-a3c3-
20e88be8e485

Frivillig vern av skog i Telemark - Høring av verneplaner for to nye naturreservat i kommunene Skien og Tokke og utviding av et eksisterende naturreservat i Notodden kommune

Vi viser til mottatt materiale. Forsvarsbygg uttaler seg med den hensikt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

I bestemmelsene er det sikret unntak for militær operativ virksomhet samt avgang og landing med Forsvarets luftfartøy. Vi har derfor ingen ytterligere kommentarer til verneforslaget og anser Forsvarets behov som ivare tatt.

Med hilsen

Mariette Madsgaard
Fungerende Leder Arealplan
Eiendomsforvaltning
Forsvarsbygg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og derfor ikke signert.



Statens vegvesen

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG
TELEMARK
Postboks 2076

3103 TØNSBERG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Glenn Solberg / 37019823

Vår referanse:
25/105599-2

Dykkar referanse:
2025/4534

Vår dato:
13.06.2025

Frivillig vern av skog i Telemark – Verneplanar for to nye naturreservat i kommunane Skien og Tokke – Utviding av eit eksisterande naturreservat i Notodden kommune – Høyring

Vi syner til oversending med brev datert den 10. april 2025.

Saka gjeld verneplan for frivillig vern av skog på privat grunn. Denne høyringa omfattar tre tilbudsområde i kommunane Notodden, Skien og Tokke. To av områda er nye naturreservat, eit er utviding av eksisterande naturreservat.

Statens vegvesen sine innspel til planane

Område Jønngiljo (Notodden) skal utvidast. Dette området ligg nære Tinnsjøvegen, som er fylkesveg nr. 37. Telemark fylkeskommunen vil følgje opp eventuelle merknader med omsyn til vegen.

Tiurkollen (Skien) er ikkje i nærleiken av offentleg veg.

Modalen og Smågogjuvet (Tokke) ligg for det meste langt frå offentleg veg, men i aust grenser område til fv. 450 Skafsåvegen. Telemarks fylkeskommune vil følgje opp naudsynt fråstand til fylkesvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Ut over dette har vi ingen vesentlege merknader til høyringa.

Med helsing

Mari Kristine Kallåk
seksjonsleiar

Glenn Solberg

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
TELEMARK FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN

SKAFSÅ KRAFTVERK ANS
Høydalsmovegen 815
3891 HØYDALSMO

Vår dato: 20.06.2025

Vår ref.: 202509106-7 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: Elin Rugli

NVE's svar på forespørsel om høring - Frivillig vern av skog - To naturreservat i Skien og Tokke kommunar og utviding av eksisterande naturreservat i Notodden kommune

Viser til deres forespørsel om å kommentere på verneforslaget til Jønngiljo, Tiurkollen, Modalen og Smogågjuvet. Svar til høringen skal sendes til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark, gjerne med kopi til NVE. Dette er lenke til høringsdokumentene for verneforslagene [Verneplan for skog - Høyering | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#). Selv om fristen for høringen hadde utløpt oppfordrer vi SKAFSÅ KRAFTVERK om å sende deres innspill. NVE ba Skafså kraftverk spesielt om å vurdere behov for anleggsarbeid og motorferdsel i Smogågjuvet og Modalen.

Med hilsen

Sindre Johannes Dragvik
Avdelingsingeniør

Godkjent av Maria Sidelnikova
Seniorrådgiver

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

SKAFSÅ KRAFTVERK ANS

Kopimottakerliste:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK



Til

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kopi til NVE.

Adresse Høydalsmovegen 815
3891 Høydalsmo
Telefon 35 07 57 00
E-post skafsaa@vtk.no
Bankgiro 2660.05.00529
Org nr. NO 840 044 262 MVA

Dykkar ref:		Dykkar brev av:		Vår ref:	ER	Dato:	26.06.2025
-------------	--	-----------------	--	----------	----	-------	------------

NVE`s svar på høyring- Verneplanar for to nye naturreservat, Tiurkollen i Skien kommune og Modalen og Smågogjuvet i Tokke kommune samt utviding av naturreservatet Jønngiljo NR i Notodden kommune.

Skafså Kraftverk ANS blir bedt om å komme med ei utale til avsnitt under Smogåjuvet og Modalen i brev frå NVE datert 02.06.2025, ref: 202509106-3.

Delar av det føreslått verna området ligg nærme ein av fyllingsdammane til Skafså Kraftverk, med den grensa som er skissert vil det bli problematisk ved rehabilitering av dam. Det gjeld kun området sør for Djupetjønneidet.

Dammane vil trenge rehabilitering med jamne mellomrom, difor veit me i dag at det vil komme på eit tidspunkt, men uvist når tid. Hovudtilsyn avgjer kva for tiltak og når tid det vil vera nødvendig å gjera noko. Når ein rehabiliterer dammane vil det vera behov for anleggsarbeid og ferdsel i området. Ei grense på ca 30 meter frå dammen vil vera i minste laget for å kunne gjera nødvendig arbeid.

Ber difor om å vurdere å auke avstanden frå dam til verna område til 100 meter (sjå vedlegg).


Mvh,

Skafså Kraftverk ANS



Elin Rugli
Dagleg leiar

Vedlegg til h yringsvar, verning i Modalen



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark (SFVT)
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kopi sendes til: Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Porsgrunn, 05.06.2025

Høringsfråsegn til melding om frivillig vern av skog i Telemark - høyring av verneplanar for to nye naturreservat i kommunane Skien og Tokke og utviding av eit eksisterande naturreservat i Notodden kommune

Lede AS («Lede») viser til melding om frivillig vern av skog i Telemark - høyring av verneplanar for to nye naturreservat i kommunane Skien og Tokke og utviding av eit eksisterande naturreservat i Notodden kommune, dagsett 10.04.2025 og med referanse 2025/4534.

Frist for fråsegner er fredag 6. juni 2025 og fråsegna er dermed innan fristen.

1. Om høyringa

Bakgrunnen for forslaget er tilbod om frivillig vern av skog frå private grunneigarar.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark («SFVT») ynskjer med høyringa å få fram opplysningar om interesser som kan bli påverka av det planlagde verneforslaget.

2. Jønngiljo naturreservat - Utviding, Notodden kommune:

2.1. Eksisterande anlegg nær ved verneområdet som er føreslått

Lede har ikkje områdekonsesjon i Notodden kommune, der verneområdet for Jønngiljo naturreservat er føreslått plassert. Vi ber derfor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, Everket AS, for føresegner.

Lede eig og driftar anlegg som er etablert i samsvar med anleggskonsesjon innan kommunen.

2.1.1. Høgspentanlegg på regionalnettnivå (anleggskonsesjon):

Nettanlegg som vert drifta i samsvar med tildelte anleggskonsesjonar har god avstand til verneområdet.

Lede informerer om at dei kraftlinjene som er teikna inn lengst sør i vernekartet er eigd og drifta av Statnett SF. Lede ber difor om at SFVT tek kontakt med dei i forbindelse med høyringa.

2.2. Planar om nye anlegg nær ved verneområdet

2.2.1. Høgspentanlegg på regionalnettnivå (anleggskonsesjon):

Det finst ingen planar om å etablere nye regionalnettanlegg nær ved verneområdet som er føreslått.

3. Tiurkollen naturreservat, Skien kommune:

3.1. Eksisterande anlegg nær ved verneområdet som er føreslått

Lede har etter energilova områdekonsesjon i Skien kommune, der verneområdet for Tiurkollen naturreservat er føreslått plassert. Dette inneber at vi etablerer, eig og driftar straumnettet innan kommunen (høgspent og lågspent fordelingsnett). Vidare har Lede anlegg som er etablert i samsvar med anleggskonsesjon innan kommunen.

Nettselskapet har elektriske anlegg nær ved verneområdet, og det er viktig å sikre at det kan gjennomførast naudsynt drift, vedlikehald og fornying av disse anlegga.

3.1.1. Låg- og høgspentanlegg på distribusjonsnettnivå (områdekonsesjon):

Det er ikkje etablert låg- eller høgspentanlegg innanfor eller nær til verneområdet som er føreslått. Det næraste nettanlegget som driftast av Lede ligg ca. 300 meter sør for verneområdet.

3.1.2. Høgspentanlegg på regionalnettnivå (anleggskonsesjon):

Nettanlegg som vert drifta i samsvar med tildelte anleggskonsesjonar har god avstand til verneområdet.

3.2. Planar om nye anlegg nær ved verneområdet

3.2.1. Låg- og høgspentanlegg på distribusjonsnettnivå (områdekonsesjon):

Det finst ingen planer om utvikling av distribusjonsnettanlegg nær ved verneområdet som er føreslått.

3.2.2. Høgspentanlegg på regionalnettnivå (anleggskonsesjon):

Det finst ingen planar om å etablere nye regionalnettanlegg nær ved verneområdet som er føreslått.

4. Modalen og Smogågjuvet naturreservat, Tokke kommune:

4.1. Eksisterande anlegg nær ved verneområdet som er føreslått

Lede har ikkje områdekonsesjon i Tokke kommune, der verneområdet for Modalen naturreservat og Smogågjuvet naturreservat er føreslått plassert. Vi ber derfor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, Telemark Nett AS, for føresegner.

Lede eig og driftar anlegg som er etablert i samsvar med anleggskonsesjon innan kommunen.

4.1.1. Høgspentanlegg på regionalnettnivå (anleggskonsesjon):

Nettanlegg som vert drifta i samsvar med tildelte anleggskonsesjonar har god avstand til verneområdet.

4.2. Planar om nye anlegg nær ved verneområdet

4.2.1. Høgspentanlegg på regionalnettnivå (anleggskonsesjon):

Det finst ingen planar om å etablere nye regionalnettanlegg nær ved verneområdet som er føreslått.

5. Merknader

Da Lede AS ikkje har eksisterande nettanlegg, eller har konkrete planar om å gjennomføre tiltak, innanfor dei verneområda som er føreslått, har vi ingen merknader til verneplanane eller tilhøyrande føreslag til verneforskrifter.

Ta kontakt dersom det skulle være nokon spørsmål knytt til fråsegna.

Med venleg helsing,
Lede AS

Kurt-Albert Plassen
Senioringeniør Plan Regionalnett



STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG
TELEMARK
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Team klima, miljø og internasjonalt arbeid

Vår dato: 04.06.2025
Dykkar dato: 10.04.2025
Vår referanse: 24/24005-4
Dykkar referanse: 2025/4534
Vår saksbehandlar: Ole Bjørn Bårnes

Uttale til frivillig vern av skog - høyring av verneplanar for to nye naturreservat i kommunane Skien og Tokke og utviding av eit eksisterande naturreservat i Notodden kommune

Telemark fylkeskommune viser til sending datert 10. april 2025 for to nye naturreservat i kommunane Skien og Tokke og utviding av eit eksisterande naturreservat i Notodden kommune

Bakgrunn

Statsforvaltaren har sendt verneplan for frivillig vern av skog på privat grunn på høyring. Høyringa er ledd i det nasjonale arbeidet med frivillig vern av skog der private grunneigarar har sendt inn tilbod om vern av eigen skog.

Høyringa omfattar tre tilbodsområde i kommunane Notodden, Skien og Tokke. To av områda er nye naturreservat, eit er utviding av eksisterande naturreservat. Det er gjort registreringar av naturverdiane i områda som dokumenterar verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldlova.

Områda er lista opp med verneverdi i tabellen under:

Namn på naturreservat	Kommune	Verneverdi	Skogeigarorganisasjon
Jønngiljo NR, utviding	Notodden	Regional (**)	Tilbod via AT Skog
Tiurkollen	Skien	Score 4,5	Tilbod via AT Skog
Modalen og Smågogjuvet	Tokke	Nasjonal (***)	Tilbod via AT Skog

NR=naturreservat. Tiurkollen er kartlagt etter ny metodikk der verdiskalaen (score)

går frå 0-9. Score omfattar summen av dei tre parametranne naturgitt mangfald, naturskogs nærleik og størrelse. Ein score på 4,5 betyr regional verneverdi.

Fylkeskommunens vurdering

Fylkeskommunen har koordinert høyringa internt, og vil i punkta nedanfor kommentera på dei delane av verneforslaget som kan påverka ansvarsområda våre:

Vilt og fisk

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at verneforslaga vil berøra regionale vilt- og fiskeinteresser negativt.

Kulturarv

Innenfor områda er det ikke kjente nyere tids kulturminner av nasjonal verdi. Det kan likevel være viktige kulturminner av lokal verdi, som ikke er fredet, og som fylkeskommunen ikke har kjennskap til. Kommunen som har forvaltningsansvar for kulturminner som ikke er freda, må gjøre en vurdering av dette. Statsforvalteren bør vurdere om det i utvalgte områder kan åpnes for uttak av enkelte tre med spesiell god kvalitet, til antikvarisk istandsetting av middelalderbygg.

Med helsing

Ole Bjørn Bårnes

ole.bjorn.barnes@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.



Tokke

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG
TELEMARK
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Dykkar ref.
79c29bea-c992-
49dd-87f3-
a2dd76decba3

Vår ref.
2025/542-4

Sakshandsamar
Morten Elgaaen, tlf. 97022625

Dato
05.06.2025

Høringsuttale frå Tokke kommune - Frivillig vern av skog i Tokke - Modalen og Smogågjuvet naturreservater.

Tokke kommune mottok 10.04.2025 brev frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark der kommunen blei beden om høringsuttale i samband med frivillig vern av to skogområder i Tokke. Områda det gjeld er Modalen og Smogågjuvet på totalt 14 634 dekar.

Saka var oppe til politisk handsaming i Landbruk, miljø- og teknisk utval (LMT) 3. juni 2025, og samrøystes blei det vedtak om at Tokke kommune gjev følgjande uttale til høyringa om dei nemnde nye verneområda:

Tokke kommune gjev høringsuttale til Statsforvaltaren med fyljande punkter:

- Tokke kommune ynskjer forvaltningsmynde for Modalen og Smogågjuvet naturreservat.
- Verneforskrifta må utformast slik at Heibøåvegen kan nyttast, vedlikehaldas og evt utbetrast utan at vernereglane er til hinder for dette.

Saksprotokoll frå møtet i LMT 03.06.2025 kan om ynskjeleg ettersendast.

Med helsing

Morten Elgaaen
skog og utmarksrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.





Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Dato: 04.06.2025
Vår ref: 21/06549-31
Dykkar ref: 2025/4534

Fråsegn til frivillig vern av skog i Telemark - høyring av verneplan for Modalen og Smågogjuvet i Tokke kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 10. april 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

Om saka

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har sendt forslag om vern av områda Modalen og Smågogjuvet på høyring. Områda er tilbydde staten for vern gjennom ordninga med frivillig vern av skog.

Fråsegn frå DMF

Foreslått område for Modalen naturreservat i Tokke kommune, røyrrer ved ein undersøkingsrett etter statens mineral, tildelt av DMF 31.01.2025, for minerala bly, gull, kopar, molybden, sink og sølv. Retten er namngitt Dalen 4 og er gitt til Element29 AS. Undersøkingsretten var ikkje tildelt da det ble varsla om oppstart av verneprosessen i oktober 2021, og DMF hadde på dette tidspunktet ingen merknad til vern av området. DMF ber Statsforvaltaren om å orientere rettshavar om verneprosessen og høyre om det er planlagt eller gjort undersøkingar i området.

For området Smågogjuvet har DMF ingen merknad.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing



Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Helene Laurin Rosmo
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Helene Laurin Rosmo

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestfold og
Telemark

Postboks 2076

3103 TØNSBERG

Kopi til:

Fra: Lars Libach[Lars.Libach@dirmin.no]

Sendt: 16.02.2026 14:26:33

Til: Postmottak SFVT[sfvtpost@statsforvalteren.no]

Kopi: Nordeide, Rune[rune.nordeide@statsforvalteren.no];Alf

Broeng[alf.broeng@teakominerals.com];

Tittel: Svar på spørsmål til frivillig vern av skog ved Modalen og Smogågjuvet i Tokke kommune

Hei

Viser til spørsmål, datert 02.02.2026. Deres ref. 2025/4534

Rettighetssituasjonen

Undersøkelseretten Dalen 4, 0379/2025, som vi har vist til i uttalelsen var en rettighet som var tatt opp på tidspunktet for vår uttalelse. Rettigheten ble fristilt 18.12.2025.

0074/2026 er fra en søknad som har blitt trukket, men erstattet av en ny søknad, 0443/2026 Åmli, datert 04.02.2026. 0443/2026 berører foreslåtte verneområde på samme måte som opprinnelig omsøkte 0047/2026. Nå omsøkte rettigheter 0443/2026 delvis overlapper også med den nå fristilte rettigheten, 0379/2025.

https://dirmin.no/data/bergrettigheter/UNDERSOEKELSESETT-0443_2026

Normalt vil slike rettigheter bli tildelt.

Naturmangfoldloven § 44

Angående vurderingen etter naturmangfoldloven § 44 har ikke DMF noen praksis å avvise søknader på dette grunnlaget. En undersøkelsesrett gir i utgangspunktet en enerett på undersøkelser etter statens mineraler, ikke en tillatelse til konkrete undersøkelsesarbeider. Hensynet til ev. kryssende hensyn er ivaretatt ved minerallovens varslingsregler, jf. § 17, hvor kommunen, fylkeskommunen og statsforvalteren blir orientert om forestående undersøkelsesarbeider. Det blir endringer på hvordan undersøkelsestillatelser kan utformes som følge av ny minerallov som trer i kraft 1. juli i år, men dette får ikke tilbakevirkende kraft.

Et verneområde, uten vilkår som åpner for å drive undersøkelser, vil være en betydelig begrensning i muligheten til å drive undersøkelser etter mineralressurser. Tilgang til ulike mineraler er som kjent noe som det er et stadig større fokus på. Om et område skal vernes må det baseres på en konkret vurdering i det enkelte tilfelle, der rettighetssituasjon og informasjon om mineralressurser må inngå i vurderingen.

Det er flere måter å undersøke etter mineraler, og det kan ikke antas at dette ikke er mulig bare fordi et område er bratt. Når det gjelder drift, viser vi til Teakos presentasjon med henvisning til at gruvedrift kan foregå under bakken, med begrenset direkte påvirkning på naturen. Hvilken drift som ev. er mulig å få til, herunder med hensyn til håndtering av avgangsmasser, er noe man kan ta stilling til først etter at en ressurs er undersøkt.

Vennlig hilsen

Lars Libach
seniorrådgiver

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

POST- OG BESØKSADRESSE Ladebekken 50, N-7066 Trondheim
SENTRALBORD +47 73 90 46 00, **DIREKTE** +47 908 33 982
E-POST post@dirmin.no, **DIREKTE** lars.libach@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

Fra: Nordeide, Rune <rune.nordeide@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 3. februar 2026 13:26
Til: Alf Broeng <alf.broeng@teakominerals.com>; Geving, Arne Christian
<christian.geving@statsforvalteren.no>; Henning Sigstad <Henning.Sigstad@dirmin.no>
Kopi: Johnsen, Christin Beate <Christin.Johnsen@statsforvalteren.no>; Myhre, Linda
<linda.myhre@statsforvalteren.no>
Emne: Mineralinteresser i Modalen i Tokke 20260129 Møtereferat SFVT

Hei!

Takk for møtet, og her følger referat som Alf Broeng og undertegnede har sammenfattet.

Jeg kan også nevne at det nå er sendt brev til DMF og NGU hvor vi ber om supplerende opplysninger (se vedlegg 2).

Med vennlig hilsen
Rune Nordeide
seniorrådgiver



Statsforvalteren

i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

klima- og miljøvern avdelingen

Telefon: 32 26 66 01

E-post: rune.nordeide@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvalteren.no/os

Teako Minerals Norway AS

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark (SFVT)
PB 2076
3103 Tønsberg

14/7-2025

Deres ref. 2025/4534

Vår ref. Albr

Frivillig vern av skog ved Modalen og Smogågjuvet i Tokke kommune – ber om tilbakemelding på mineralundersøkelser

Vi viser til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark sitt brev av 11/6-2025 til Element29 AS og kommer med tilbakemelding.

Element29 AS har planer om mineralundersøkelser i dette området senere i år, da vil de ha bedre oversikt og kan gi bedre tilbakemelding. Slik det ser ut nå vil det foreslåtte verneområdet dekke mye av den potensielle grunnen for kobber i dette området.

Element29 AS ber derfor om utsettelse på endelig avgjørelse av "Frivillig vern av skog ved Modalen og Smogågjuvet i Tokke kommune" inntil de har utført mineralundersøkelser i området.

Element29 AS ber om møte med SFVT, hvor de kan redegjøre nærmere for fremdrift og omfang av sine undersøkelser i området.

Ta gjerne kontakt for nærmere opplysninger.

Med vennlig hilsen



Alf Broeng

Rådgiver prosjekt- og gruveplanlegging

Teako Minerals Norway AS
+47 995 89 175 I alf.broeng@teakominerals.com

Hendvarden 26
6533 AVERØ

På vegne av: Element29 AS
c/o Sven Golan
Hendvarden 26
6533 AVERØY

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR
SVALBARD

Ladebekken 50
7066 TRONDHEIM

Møte 29. januar 2026 om mineralinteresser i foreslått verneområdet Modalen i Tokke kommune

Til stede (teams):

- Alf Broeng, Teako Minerals Norway AS (ref)
- Sven Golan, Teako Minerals Norway AS
- Rune Nordeide, seniorrådgiver Statsforvalteren Vestfold og Telemark (ref)

Inviterte, med møtte ikke:

- Arne Christian Geving, fagsjef Statsforvalteren Vestfold og Telemark
- Helene Laurin Rosmo, Direktoratet for mineralforvaltning. Opplyst etter møtet : Sluttet og begynt i Norges Geologiske Undersøkelse. Ny saksbehandler er Henning Sigstad, Direktoratet for mineralforvaltning, E-post: Henning.sigstad@dirmin.no

1. Bakgrunn for møtet:

Vi har fått høringsinnspill fra Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) at de har gitt leterett til Teako minerals Norway AS (TMN) i området hvor Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har en pågående verneprosess for området kalt Modalen. Statsforvalteren er bedt om å orientere TMN og har gjort det i brev og epost. TMN har bedt om et møte for å avklare sine interesser, og dette er bakgrunnen for møtet.

2. Statsforvalteren orienterte om verneprosessen generelt, og særskilt om prosessen i Modalen.

Statsforvalteren fikk inn tilbud om frivillig vern fra 30 grunneiere 3. juni 2020. Området ble kartlagt for biologiske verdier, og sendt for oppstart verneprosess 29. oktober 2021. 10. april 2025 ble verneforslaget sendt på høring med frist 6. juni 2025. Det neste steget i verneplanprosessen er Statsforvalterens tilråding til Miljødirektoratet som igjen sender det til Klima og miljødepartementet. Her går det på en høring mellom departementene. Hvis det ikke kommer opp ny informasjon eller gjøres politiske avveininger, blir verneforslaget vedtatt ved kgl. Res. (Regjeringen). Statsforvalterens plan er at tilrådingen gjøres i løpet av en måneds tid.

Frivillig vern av skog ved Modalen og Smogåjuvet i Tokke kommune, oversiktskart




3. Kort Presentasjon av Teako Minerals Norway as


Et kanadisk firma som leter og undersøker etter mineraler. De står ikke selv for gruvevirksomheten. De er tildelt leterett på områder flere steder i landet, av Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF), men har spesielt fokus på Telemark. Området i Tokke er ekstra interessante. Det antas å kunne være høye gehaltverdier av både sølv og kobber i Dalen-Åmli-Mobergområdet. De har estimert store drivverdige verdier. De har undersøkt området basert på data fra Norges Geologiske Undersøkelse og på satellittmålinger. Det neste nå er befarings og leting og manuelle håndprøver i terrenget. Dersom de ønsker å gjennomføre nærmere undersøkelser og prøveboringer, må de søke DMF om en undersøkelsesrett. Da må de også få grunneiers tillatelse. Det siste trinnet mot DMF er konsesjonssøknad om utvinningsrett. Aktuell driving av gruve i området vil være underjordsdrift ; som medfører lite inngrep der mineralet hentes fra.

Utfordringen er store mengder avgangsmasser/ steinmasser etter utvunnet mineraler. Dette arbeider vi sammen med mineralbransjen med, for å finne gode anvendelsesmuligheter for avgangsmasser.

Se oversiktskart med "Bergrettigheter" fra Direktoratet for Mineralforvaltning sine kartsider.



En gruve vil bli basert på underjordsdrift med prosessanlegg i fjellrom, slik at det bare blir behov for mindre arealbehov i dagen.



4. Teako Minerals Norway`s planlagt virksomhet i Tokke, og hvilke tiltak som er planlagt når.

TMN ønsker å undersøke området de neste ett til to årene. De jobber med å innhente midler fra investorer. For TMN er det for tidlig å si om verneforslaget Modalen berører området de kan ønske å lete (manuelle håndprøver) eller undersøke (prøveboring).

5. Blir egentlig Modalen berørt at de tillatelsene DMF har gitt etter oppstartsmeldingen?

Ja, leterett Dalen 4 er endret på og har fått nytt navn. Her må DMF og NGU vise hva som gjelder. TMN viste i møtet et annet kart enn det Statsforvalteren har nå:

Alle lete-/ undersøkelses- og utvinningretter er offentlig tilgjengelig på DMF sine kartsider.

6. Oppsummering og evt. konklusjoner

TMN ønsker at verneprosessen kan stoppes i 2-3 år til de får undersøkt området. De ønsker også at NGU gir opplysninger til saken. Statsforvalteren vil be NGU og DMF supplere opplysningene om mineral innenfor verneforslaget Modalen. Statsforvalterens plan er å sende saken for tilråding med de nye opplysningene i løpet av en måneds tid.



Til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Ullevål Stadion, 14. april 2025

Anmodning om at orientering tillates

Norsk Orientering vil gjerne gjøre Statsforvalteren oppmerksom på Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet «FORSKRIFTSMAL FOR NATURRESERVATER – FORSLAG TIL ENDRINGER», vedlagt.

I tråd med brevets forslag til endringer i forskriftsmalen punkt 1 og 2, ber vi om at orientering tillates i verneområdene.

Med vennlig hilsen

Øystein Hildeskor (s)

Generalsekretær

Norges Orienteringsforbund

Kopi Norsk Friluftsliv